

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 136/2013**

2013/EØS/72/04

av 15. juli 2013

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/164/EU av 27. mars 2013 om oppheving av vedtak 2003/135/EF, 2004/832/EF og 2005/59/EF om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest og naudvaksinasjon av viltlevande svin i Tyskland, Frankrike og Slovakia<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Avgjerd 2013/164/EU opphevar kommisjonsvedtak 2003/135/EF<sup>(2)</sup>, 2004/832/EF<sup>(3)</sup> og 2005/59/EF<sup>(4)</sup> som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala skal slike føresegner ikkje gjelde for Island. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I del 3.2 i kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala under overskrifta "RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL" skal teksta i nr. 20 (kommisjonsvedtak 2003/135/EF), 28 (kommisjonsvedtak 2004/832/EF) og 29 (kommisjonsvedtak 2005/59/EF) opphevast.

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd 2013/164/EU på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 16. juli 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>.

<sup>(1)</sup> TEU L 91 av 3.4.2013, s. 10.

<sup>(2)</sup> TEU L 53 av 28.2.2003, s. 47.

<sup>(3)</sup> TEU L 359 av 4.12.2004, s. 62.

<sup>(4)</sup> TEU L 24 av 27.1.2005, s. 46.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 15. juli 2013.

For EØS-komiteen

***Thórir Ibsen***

Formann